



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Brita Helleland, 5765 3169

Høyringsfråsegn - forslag til forskrift om nasjonal retningslinje for masterutdanning i barnevern og forslag til forskrift om nasjonal retningslinje for masterutdanning i barnevernsarbeid

Fylkesmannen i Vestland ser at det er behov for å styrke kompetansen på fleire område til dei som jobbar i barnevernet, og vurderer at ei masterutdanning i barnevern kan vera eit viktig bidrag til dette.

Det er etter vårt syn viktig å leggje stor vekt på barnets perspektiv i utdanningane. Sjølv om det og er behov for teoretisk og juridisk kompetanse, er det etter vår erfaring større utfordringar og meir krevjande at studentane lærer seg å sjå situasjonen frå barna sin ståstad. Dette handlar etter vår vurdering om eit grunnleggjande verdisyn. Dette må innarbeidast i pensum og gjennomsyre studiet for at barn og familiar skal ha nytte av det. Dette er dei siste åra blitt stadig viktigare og vi trur dette ikkje må undervurderast.

Vi ser at forslaga legg opp til at barnevernspedagogar og sosionomar ikkje kan delta i same masterprogram, og er usikre på om ei slik målgruppedifferensiering er vegen å gå. Barnevernspedagogar og sosionomar har i stor grad same arbeidsfelt og til dels overlappende grunnutdanning. Av den grunn meiner vi det vil vera naturleg at desse yrkesgruppene kan søkje seg inn på begge masterprogramma. På denne måten kan masterutdanningane bidra til ei større felles forståing for dei ulike yrkesgruppene som jobbar i barnevernet.

Begge masterprogram bør innehalde desse kompetanseområda:

- Barns medverknad, kva inneber det i praksis
- Kritisk tenking og kunnskapsbasert praksis
- Utgreiing, analyse og avgjerder om tiltak knytt til omsorgssituasjonen til barnet
- Rettsbruk og rettstryggleik på barnevernsområdet
- Barnevernsarbeid, der samfunnsoppgåva til barnevernet og arbeidet med barn, unge og familiar i utsette livssituasjonar vert vektlagt



Det er lagt til grunn at forslaga til retningslinjer skal vektlegge utvikling av analytisk og klinisk kompetanse. Vi meiner dette er riktig utgangspunkt. Det er eit stort behov for å auka den kliniske kompetansen i barnevernstenesta, slik at teorien vert nytta i praksis og praksisen vert evaluert ved hjelp av teorien. Difor tilrår vi at det skal vera krav om praksis i masterutdanninga. Praksiskravet vil i tillegg bidra til at utdanninga vert meir einskapleg, uavhengig av utdanningsinstitusjon.

Dei som jobbar i barnevernet jobbar ofte med etisk utfordrande oppgåver. Vi meiner difor at dei nasjonale retningslinjene bør innhalda tydelege mål når det gjeld etisk kompetanse.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonssjef

Brita Helleland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent